



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ølen sokneråd

Ølen, 21.10.2014

Til  
Det kongelege Kulturdepartement  
Postboks 8030 Dep  
NO- 0030 OSLO  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

### **HØYRINGSUTTALE «Staten og den norske kirke- et tydelig skille»**

Ølen sokneråd drøfta tilsendt dokument «Staten og Den norske kirke- et tydelig skille» i soknerådsmøtet 21.10.2014. Sidetilvisingar er knytt til «Samandrag av Kulturdepartementet sitt høyringsnotat 2.09.2014».

Soknerådet kjem med fylgjande innspel:

1. Merknad til s.5 « Soknet vil fortsatt være arbeidsgiver for sine tilsatte og ha sin selstendige økonomi.»
  - Det er Fellestrådet som har arbeidsgjevaransvar for tilsette, med unntak av prestar.
  - Det er Fellestrådet som har økonomiansvaret, sjølv om kvart sokn har sjølvstendig økonomi.
2. Merknad til s.6. Bispedømmerådet må ha ansvar for tilsetting av prestar som no. Reformprosessen må ivareta gode, føreseielege arbeidstilhøve for prestar. Dei treng ein føreseieleg og trygg prosess. Det er viktig å fokus på å rekruttera og behalda; i tillegg til at prestar skal verta ivaretekne om dei vil skifta stilling.
3. Merknad til s.9 «Opplysningsvesenets fond». Dette må jobbast parallelt med reformprosessen.
4. Det må utviklast ekspertise i Kyrkjerådet med tanke på:
  - Leiing av utvikling av kyrkja
  - Økonomistyring
  - Byggja opp ein arbeidsgjevarorganisasjon

For Ølen sokneråd

Liv Ingunn Heie Medhaug  
Leiar

Per Ølfarnes  
Nestleiar